



Bygg & Eiendom Vest As  
Idrettsvegen 3  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/7761 - 22/94254

Saksbehandlar:  
Lars Ottar Sagstad  
lars.ottar.sagstad@alver.kommune.no

Dato:  
09.12.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 444/54 Manger nedre

Tiltak: Garasje  
Byggjestad: Gbnr: 444/54  
Tiltakshavar: Nathalie Lovise Håland  
Ansvarleg søkjar: Bygg & Eiendom Vest As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.10.2022.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad må supplerast med søknad om dispensasjon frå Lindås kommuneplanen sine føresegn §3.1.1 siste avsnitt.

På bygd eigedom i område for bustad kan det i samsvar med føresegna her først opp ein garasje/carport kor verken samla bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA) overstig 50 kvm. Garasjen/carporten kan først opp i inntil ein etasje, og kan i tillegg vere underbygd med kjellar.

På bygd eigedom i byggeområde for bustad kan det først opp mindre tiltak utan krav til regulering, jf. pbl. § 11-10 nr 1. Mindre tiltak er tiltak som er nemnd i byggesaksforskrifta § 4-1 (tiltak unntatt søknadsplikt) og tiltak som er nemnd i byggesaksforskrifta § 3-1 (mindre tiltak på bygd eigedom), men slik at frittliggjande bygning er avgrensa til 50 kvm.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan [sett inn dato]. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### GENERELL INFORMASJON

#### Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Lars Ottar Sagstad  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Bygg & Eiendom Vest As  
Nathalie Lovise Håland

Idrettsvegen 3  
Mangersnesvegen 240

5936 MANGER  
5936 MANGER